

Velkommen til Kvinnherad Dialogkonferansen 2. – 3. september 2014



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



AKTIV
KvarDag

Velkomen til Dialogkonferansen 2. - 3. september 2014

Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Dei siste åra har representantar frå kommunar delteke i planlegginga av konferansen for å få eit best

mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne gongen deltek Kvinnherad, Tysnes og Etne i programkomitéen.

Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.

Målgruppa for konferansen er administrativt tilsette som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar.

Deltaking på konferansen er gratis og Hordaland fylkeskommune dekker kostnaden ved overnatting for ein deltakar frå kvar kommune. Kostnad til reise t/r Kvinnherad må dekkast av den enkelte kommune / organisasjon.

Vi overnattar på [Rosendal fjordhotell](#).

Pris for ekstra representantar frå kommunar/organisasjonar er kr 1795,- per person for overnatting, dagpakke og middag tysdag og onsdag. Utan overnatting er prisen kr 450,- per person per dag og kr



425,- for middag tysdag kveld. Gje melding om du har behov for overnatting også frå 1. september. For dei som ønskjer å forlenge opphaldet og utforske Kvinnherad, så har vi dette forslaget:

[Tur til Nuten](#) onsdag 3. september kl 16.00 – 19.00 med Linda Øen som turleiar – GRATIS deltaking

[Padling på Møsevatn](#) torsdag 4. september. Pris for guida kajakkture er kr 950,- pr. person - min. 4 stk. Eigen avkryssing i påmeldingsskjema til begge aktivitetar.



I samband med årets Dialogkonferanse vert det synfaring til m.a. Stall Rosendal, Husnes idretts-senter, Kvinnherad roklubb og klatrefeltet på Ulvanåso.

Ta med kler og sko etter vêr. Vi legg opp til bruk av private bilar når vi skal flytte oss frå Rosendal til Husnes og på synfaring. Vi bed dykk krysse av for dette i påmeldingsskjema. Særskilte behov i høve mat og andre ting er fint å få informasjon om ved påmelding.


Vi vil gjerne ha innspel til konkrete spørsmål/utfordringar i høve anleggsutvikling.

På førehand takk!

Ta kontakt med Britt Karen Spjeld tlf: 55 23 91 82 / 456 66 326 / britt.karen.spjeld@hfk.no eller Hanne Espe tlf 55 23 91 78 / hanne.espe@hfk.no om noko er uklårt eller de har spørsmål.

Påmeldingsfristen er 1. august. Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider.

Velkommen til aktive dagar i Kvinnherad!



Program

Mål:	Fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivasjon og inspirasjon
Målgruppe:	Administrativt tilsette og politisk ansvarlege for kultur, idrett og friluftsliv Administrative representantar for kommuneplanlegging Folkehelsekoordinatorar
Stad:	Kvinnherad, Husnes og Rosendal

Tysdag 2. september – Rosendal Fjordhotell

- Kl. 10.45 Rosendal Fjordhotell ([båt frå Bergen kjem 10.45](#))
Registrering, kaffe/te/frukt/rundstykker
- Kl 11.15 Opning ved ordførar i Kvinnherad kommune, Synnøve Solbakken
Aktiv Kvar Dag i Kvinnherad
– idrett og friluftsliv som del av utviklinga av kommunen
- Kl 11.35 Helsing ved Kultur og ressursutvalet
- Kl 11.45 Regional kulturplan – moglegheiter og konsekvensar for idrett og friluftsliv
v/Anna Elisa Tryti, Hordaland fylkeskommune
- Kl 12.00 Sidan sist v/Britt Karen Spjeld, Hordaland fylkeskommune
- Kl 12.30 Lunsj
- Kl 13.30 Planlegging, arealbruk, aktivitetsanlegg i sentrum
Ekstern innleiar
Planlegging av Husnes og barnetråkk som metode
Erfaringsutveksling – korleis vert idrett og friluftsliv involvert i kommunalt planarbeid?
- Kl 15.30 Kultur og idrettskonsulentane si rolle
Plenumspresentasjonar – diskusjonar i grupper
- Førebyggjande arbeid. Innleiing v/ Nils Halleland, Etne kommune og
Anne Katrine Aas, Hordaland idrettskrets.
- Frisklivssentral. Idretten og friluftslivet si rolle i dette arbeidet v/ Kvinnherad kommune
- Integrering gjennom idrett og friluftsliv
- Kl 16.45 Synfaring og Camp Rosendal!
1. Nærmiljøpark i Rosendal
2. Stall Rosendal
3. Puttball
(aktivitetar med påmelding – desse anlegga ligg ti minutt frå hotellet. Folk går til hotellet etter aktiviteten)
- Kl 20.00 Middag på Rosendal fjordhotell!
- Kl 21.30 Aktiv kvar kveld!
Sosial samling og quiz

Onsdag 3. september

Kl 07.00 **Aktiv kvar morgon** – merka og gradert [tur rundt Hattebergfossen og gjennom Baroniet](#) (om lag 1 time)

Frukost

Kl 9.00 Avreise frå Rosendal fjordhotell og synfaring v/ Kristian Bringedal, Kvinnherad kommune;
- [Postvegen](#)
- Klatrefelt Ulvanåso, Uskedalen
- Vikjo friluftsområde, sikringsprosess og samarbeid med lokale organisasjonar

[Husnes idrettssenter](#)
[Kvinnherad roklubb](#)

Kl 11.30 Kvinnherad kulturskulesenter på Husnes
Omvising

Kl 12.00 Lunsj

Kl 12.45 Idrettsanlegg
Skate-anlegg – v/ Skateforbundet
Linda Øen og Nils Halleland kommenterer og innleiar til diskusjon
Drift og vedlikehald av ballbingar.
Nytt i frå KUD og i forskriftene v/Tore Andersen og Bjørg Larsen
[Idrettsanlegg.no](#)

Kl 14.30 Erfaringsutveksling
Merking og gradering av turløyper v/ Eirik Knive, Hordaland fylkeskommune og
Linda Øen, Kvinnherad kommune (padling)
Samarbeidsavtalar med idrettsråd v/Knut Songve, Hordaland idrettskrets



Kl 15.00 Friluftslivets år 2015 v/Britt Karen Spjeld
Summering, evaluering, vegen vidare og vel heim

Kl 15.30 Avreise

Kl 15.50 [Båt frå Sunde](#)

Takk for denne gong!

AKTIV KvarDag



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no



Hvinnerød
kommune



Tysnes
kommune



Etne
kommune